

ÅRSMELDING 2024

SKNG

Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal – kommunalt oppgåvefelleskap


Innhald

Innleiing
Representantskapet
Representantskapets møter og saker
Sekretariatet
Sekretariatets arbeid i 2024
Regnskap 2024

Årsmeldinga er vedteke av representantskapet 7. mars 2025



Edel Kveen



Kristian Frisvold



Ola Iver Røe



Monica Håskjold Eide

Frode Stordal



Oddvar Romundset

Innleiing

Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Det vart etablert 1.1.2005. Som følge av ny kommunelov i 2018 vart SKNG omdanna til kommunalt oppgåvefelleskap i 2023.

SKNG har som formål å utføre den lovpålagte sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i deltakarkommunene i samsvar med kommunelova § 23-7 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Etter samarbeidsavtala § 8 skal representantskapet sende årsmelding og årsrekneskap til deltakarkommunane innan 15. mars. I årsmeldinga for SKNG er det sekretariatets arbeid som blir omtala medan kontrollutvala sin aktivitet er omtala i årsmelding for det einskilte kontrollutvalet.

Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i SKNG og har det administrative, økonomiske og organisatoriske ansvaret for SKNG. Representantskapet består av ein representant med personleg varamedlem frå kvar kommune valgt av det einskilte kommunestyret.

<u>Deltakarkommune</u>	<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
Skjåk	Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard
Lom	Kristian Frisvold	Bjørn Ola Aukrust
Vågå	Svein Holen t.o.m. 30.6 Ola Iver Røe f.o.m 27.9	Karola Wenzel
Sel	Monica Håskjold Eide	Kjetil Eide
Dovre	Aud Gjørwad	Frode Stordal
Lesja	Oddvar Romundset	Anne Cathrine Enstad

Konstituering og endringar

- * Representantskapet valgte 12. mars Svein Holen som leiar og Edel Kveen som nestleiar.
- * Vågå kommunestyre innvilga Svein Holen fritak frå alle politiske verv frå 1. juli 2024 og ut kommunestyreperioda og Ola Iver Røe vart valgt som nytt medlem 26.9.
- * Representantskapet valgte 20. august Edel Kveen som leiar og Monica Håskjold Eide som nestleiar.

Styret er fordelt med 3 kvinner og 3 menn.

Representantskapets møter og saker

Representantskapet skal sørge for overordna mål og retningslinjer for verksemda, årsbudsjett og økonomiplan for komande 4 år, årsrekneskap, årsmelding og at arbeidsgjevaransvaret blir ivaretatt.

Møteinnkalling og møteprotokoll frå representantskapet sine møter blir sendt til representantskapets medlemmer og varamedlemmer, samt til orientering til kontrollutvalsleiar, ordførar og administrativ leiar i deltakarkommunane.

Sekretariatsleiar er sekretær for representantskapet og sørger for at saker er forsvarleg utgreia og at vedtak blir iverksett. Kai Ove Riise, leiar av fellestenester i Sel kommune, bistod ved rekruttering av sekretariatsleiar, m.a. saksutgreiing og protokoll.

Representantskapet har hatt 4 møter og handsama 10 saker.

12. mars	Konstituering - val Årsmelding og årsregnskap Status omdanning SKNG Protokoll og referatsaker
20. august	Protokoll og orienteringer Val Rekruttering av sekretariatsleiar
18. september	Rekruttering av sekretariatsleiar
26. september	Årsbudsjett-25 og økonomiplan 25-28 Protokoll og referatsaker

Sekretariatet

Sekretariatet har kontor på HUB Otta. Sel kommune er kontorkommune og arbeidsgjevar for tilsette i sekretariatet. Sekretariatet har ein 100 % stillingshjæmmel.

Hilde Holden sa opp før sommaren. Elin Marit Andgard har vore vikar i 80 % stilling i perioda 1.1.23 - 30.9.24 og vart fast tilsett i 100 % stilling f.o.m. 1.10.24.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet KO har vore settesekretariat ved handsaming av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS idet SKNGs sin sekretær var inhabil i sakene.

Læring og fagleg utvikling er vesentleg for sekretariatets arbeid. Sekretær har deltatt på:

- * NKRFs kontrollutvalskonferanse 31. januar - 1. februar
- * Sekretariatssamling i Innlandet 22. august
- * NKRFs lederkonferanse 6.-7. november
- * Møte med Innlandet Revisjon og sekretariat i Innlandet 17. desember
- * Korte webinar om habilitet, forvaltningsloven, kontrollutvalsmøter og det som skjer mellom møtene, arkiv, henvendelse til kontrollutvalet, og "Lunsj og læring" v/NKRF

Sekretariatets arbeid i 2024

Etter kommuneloven § 23-7 skal sekretariatet påsjå at saker som skal handsamast av kontrollutvalet blir forsvarleg utgreid og iverksette utvalets vedtak. Sekretariatet skal vidareformidle bestillingar og følgje opp oppdrag, sørge for risiko- og vesentlegvurderingar, utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og sjå til at kontrollutvala sine arkiv er i tråd med arkivlova.

Kontrollutvalet fører kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyre, og skal mellom anna påsjå at regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir utført samt følgje opp at revisjonsvedtak blir gjennomført.

Sekretariatet er bindeleddet mellom kontrollutvalet og revisjonen. I tillegg til løpande dialog gjennom året, har det vore to samlingar mellom revisjonen og sekretariata i Innlandet for å drøfte samarbeid og samhandling, og dette var nyttig for alle.

Sekretariatet tok i fjor initiativ til *dialogmøter* mellom ordførar, kommunedirektør og utvalet. Møtet drøfta kommunens eigenkontroll og prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt utveksla informasjon.

Sekretariatet har kontakt med kommuneadministrasjonen, mellom anna ved bestilling av orienteringar. Orientering frå kommunedirektøren om ulike tema er viktig for at kontrollutvalet skal bli kjent med kommunen og for å belyse ei sak betre.

Sekretariatet har førebudd 43 kontrollutvalsmøter og sakshandsama 176 saker.

	Antal møter			Antal saker		
	2024	2023	2022	2024	2023	2022
Skjåk	7	5	4	28	24	15
Lom	7	5	4	29	23	15
Vågå	7	5	5	30	22	14
Sel	7	6	5	30	24	14
Dovre	7	5	5	28	22	18
Lesja	8	8	4	31	32	13
Sum	43	34	27	176	147	89

Særskilte kontrollutvalssaker i 2024 var risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 som skal utarbeidast første året i valgperioda. Det vart valgt ein prosess der sekretariatet laga utkast til risiko- og vesentlegvurdering og sjølv planen, som kontrollutvala arbeidde vidare med. Metoden krevde mykje fokus og tid både frå sekretariatet og utvala. Fordelene med metoden var at kontrollutvala vart godt kjent med kommunen og fekk ein større eigarskap til ROV-en og planen enn om utvala hadde bestilt dette utanfrå t.d. av revisjonen.

Samarbeid mellom kontrollutvala i 6K

Kontrollutvalsleiarane i 6K hadde møte 8. mai og 15. november for å planlegge og koordinere fellessaker og tiltak. Sekretariatet førebudde møta.

Felles opplæringsdag 22. januar

Dagen var førebudd og leia av sekretariatet. Med felles opplæring kan ein hente inn eksterne foredragshaldarar og skape forum for erfaringsdeling mellom utvala.

Tema var:

- * Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll v/Innlandet Revisjon
- * Habilitet v/Marianne Wiken og Katrine T. Nordby, Statsforvalteren Innlandet
- * Personvern v/Brit Holen, personvernombud i 6K
- * Offentlegheit v/Bjørn Brandt, journalist

Fellesmøte 16. september

- * Gjennomgang av rapportane frå forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av NGR. Forvaltningsrevisjonen var bestilt som fellesprosjekt av kontrollutvala i 6K.
- * Oppfølging av forvaltningsrevisjonen av NGLMS: Orientering om internkontroll av interkommunale samarbeid, viljeserklæring og handbok for Insam
- * Opplæring om varsling (lovverk, rutiner og kontrollutvalets rolle)
- * Orientering om barnevernvakt og PPT i 6K

Regnskap 2024

Regnskapet blir ført som ein del av Sel kommune sitt regnskap og revidert av Innlandet Revisjon IKS. SKNGs driftsutgifter er fordelt med 1/6 pr. deltakarkommune.

Tekst	Regnskap 2024	Budsjett 2024	Regnskap 2023
LØNN I FASTE STILLINGER	222 885	592 000	342 982
LØNN SYKEVIKAR	439 214	0	536 154
ANDRE TREKKPL. GODTGJØRELSER	7 889	0	10 765
GODTGJØRELSE, ANDRE FOLKEVALGTE	0 ¹	25 000	13 661
PENSJON KLP	135 235	121 000	252 857
GR.LIV/ULYKKESFORSIKR. ANSATTE	1 251	0	2 033
ARBEIDSGIVERAVGIFT	51 004	47 000	52 985
FORBRUKSMATERIELL OG KONTORREKV.	739	0	1 892
ABONNEMENTER OG FAGLITTERATUR	14 790 ²	0	8 725
BEVERTNING/MØTESERVERING	17 125 ³	0	10 860
ANNET FORBR.MATERIELL OG TJENESTER	1 466	0	1 441
MOBILTELEFONI	-3 514	0	-3 514
GAVER VED REPRESENTASJON	440	0	540
KURSUTGIFTER (INKL. OPPHOLD)	23 179	28 000	17 273
KJØREGODTGJØRELSE OPPG.PLIKTIG	8 488	0	15 570
KOSTGODTGJØRELSE/DIETT	455	0	870
ANDRE REISEUTGIFTER, IKKE OPPG.PLIKTIG	2 673	0	3 134
HUSLEIE	76 155 ⁴	111 000	45 600
LISENSER	2 820	0	2 688
KONTINGENTER, DIV. AVGIFTER/GEBYRER	27 416	25 000	23 228
INVENTAR OG UTSTYR	373	0	
LEIE KONTORMASKINER			3 911
TENESTEYTING	20 000	20 000	
IKT-UTGIFTER, FORDELT	16 892		17 394
KJØP AV KONSULENTTJENESTER	14 728 ⁵		
GENERELL KOMPENSASJONSORDNING	17 686	20 000	13 502
SUM UTGIFTER	1 099 389	989 000	1 374 551
SYKELØNNSREFUSJON KOMM. ANSATTE	7 879	0	-277 795
REFUSJON MOMS	-17 686	-20 000	-13 502
LESJA KOMMUNE	-181 597	-161 000	-149 793
DOVRE KOMMUNE	-181 597	-161 000	-164 930
SKJÅK KOMMUNE	-181 597	-161 000	-155 273
LOM KOMMUNE	-181 597	-161 000	-157 241
VÅGÅ KOMMUNE	-181 597	-161 000	-197 204
SEL KOMMUNE	-181 597	-164 000	-258 813
SUM INNTEKTER	-1 099 389	-989 000	-1 374 551

¹ Møtegodtgjering blir dekt av kommunane

² Medlemskontingent i FKT og NKRF

³ Servering på opplæringsdag og fellesmøte

⁴ Inkluderer husleige for opplæringsdag og fellesmøte

⁵ Kjøp av tenester frå settesekretariat (for perioda 2023 og 2024)